



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet sokneråd

HOL KIRKEKONTOR
Geilo kulturkyrkje
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
Org.nr: 976 990 048

Hol og Hovet sokneråd kallar inn til årsmøte 23.februar etter gudstenesta i Hovet Kyrkje. Saker til behandling er:

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Val av møteleder, referent og to til å skrive under protokollen.
- Årsmeldinga
- Regnskapet for 2019
- Budsjett for 2020
- Arbeidsplan 2020
- Val av revisor.

Det blir enkel servering og alle medlemmer er velkomen.

Hol 26.01.2020

For styret

Kjell Haugo
Leiar



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet Sokneråd

Årsmelding Hol og Hovet Sokneråd 2019

2019 vart eit aktivt år i Hol og Hovet Sokneråd. Det var mykje aktivitet i tillegg til at det i år var kyrkjeval og nye medlemmer tok over stafettpinnen i vårt arbeid.

Fram til 1.november var styret slik samansett:

Britt Kaupang
Anne Lise Søndrål
Juliane Tverberg
Rita Nestegard
Knud Knudsen
Kjell Haugo
Soknepresten

Etter valet valde vi å redusere til 5 faste medlemmer og styret består no av:

Kjell Haugo
Gro Augunset
Rita Kleiv
Brit Kaupang
Soknepresten

Prestesituasjonen

Sveinung Hansen vart tilsett som prost i Hallingdal og slutta som sokneprest hjå oss etter mange års teneste. Synne Marie Jenseter tok i mot ei stilling som vikar og har tenestegjort resten av året. Ho reiser vidare til USA for å arbeide der. Synne har gjort ein flott jobb som vikarprest og vil bli sakna av mange i menigheten.

Oppslutnaden om kyrkja:

Under er det ein oversikt over aktiviteten i vårt sokn i 2019 samanlikna med dei fire siste åra.

	2019	2018	2017	2016	2015
Ut/Innmeldinger	7	0/2	1	11	4
Dåp	4	8	5	8	20
Dåp innenbygds	4	5	5	7	8
Vielser	1	1	3	4	6
Gravferder	11	16	14	16	21
Kremasjoner	1	2	5	5	2
Gudstjenester tot	28	29	29	36	43
Deltagere	1699	2260	2322	1449	2689
Nattverddeltagere	123	171	260	275	326
Barnehage/skole	5	4	2	2	2
Barne-ungd. Arr	4	1	3	5	3
Eldretreff	0	1	1	1	1
Konserter/ musikkanc	5	6	7	10	18
Deltagere	515	594	750	1114	1309
Frivillige	30	35	47	56	27
Ofring	46108	32510	38009	38840	59586
Andre innsamlinger	72180	30274	33278	33168	46503
Til egen virksomhet	82355	40660	39372	38984	32851
Konfirmantar	15	11	14	12	12

Påskeverkstad

Veka før påske hadde vi påskeverkstad på Bygdahall. Dette er blitt ein tradisjon som mange set pris på. I år var det ca 40 innom, og arrangementet hadde vi i samarbeid med gruppa Aktiv Fritid.

Dugnad kyrkjegardane

I starten av mai hadde vi dugnad på kyrkjegardane i Hol og Hagafoss. Tradisjonen tru blei det og tid for å ha ei liten kaffikvil og litt og bite i. Mange stiller opp år etter år. Det blir lagt ned mange arbeidstimar ein slik kveld. Det er til god hjelp for oss i kyrkja, og blir sett stor pris på.

Hol kyrkje

Vi treng å koma i gang med renovering av Hol kyrkje, og derfor fekk fellesrådet utarbeida ein tilstandsrapport. Rapporten gir eit godt bilete av kyrkja slik ho no er og dei tinga vi må ta tak i for å hindre vidare forfall. Heldigvis fekk vi aksept for dette i Hol kommunestyret då dei handsama budsjettet i haust. Går alt som vi håpar, skal Hol kyrkje få ein betydeleg oppgradering innan 100 års jubileumet i 2024.

Vi prøvde i sumar å dra i gang ei kronerulling for å få måla gjerdet rundt kyrkja, men når vi såg nærare på gjerdet, viste det seg at det meste må byttast ut med nytt. Kostnaden er ukjent, men blir ein del av den store renoveringa av Hol kyrkje.

Fellesrådet har og sett i gang eit planarbeid for å få vurdert egna areal til minnelund. Det er Marianne Laa i Asplan Viak som skal utarbeide ulike løysingar.

Soknerådet har ved fleire høve snakka om å ta i bruk Hol Kyrkje som ei vegkyrkje. Kyrkja ligg veldig strategisk plassert, og vi ville fått mange på besøk dersom vi greide å halde den open.



Hol Kyrkje

Konfirmant- og trusopplæringsarbeid

Det er blitt ein tradisjon at konfirmantåret vert avslutta med messe i Hovet Kyrkje. Før messa 8. mai møttest vi på Fjellheim Samfunnhus til felles grilling. Foreldra stilte med kake.

Konfirmantane deltok også på lysmessa Dagali kirke 1. desember.

Anne-Kristin Solberg har vore primus motor i konfirmantarbeidet saman med prestane.

Ho har også hatt ansvar for trusopplæringstiltaka som er felles for alle sokna:

Karnevalsgudsteneste i Hovet med Skråll og Skarvebarna 3. mars, 4-årsbok for alle fireåringar i

Geilo kulturkyrkje 20. oktober, «Lysvåken» for 11-12 åringar i Geilo kulturkyrkje 24.

november. «Tårnagenthelga» for 8 åringar i Hol kyrkje, vart avlyst grunna for få påmeldte.

Det er også gjennomført påskevandring og julevandring i Hol og Hovet kyrkjer for

barnehagane. Og julegudsteneste for Hallingskarvet skole.

Sommarfest for eldre

Det har blitt ein tradisjon at vi skipar til sommarfest for dei eldre i starten av juni. I år valde vi å avlyse fordi det melde seg for få. Dette vil vi prøve å gjera noko med i året som kjem.

Sommerkonsertar

Sommerkonserter i gamle kyrkja er blitt ein flott tradisjon, og i år var følgjande artistar på besøk:

- ✓ Rune Alver
- ✓ Toradertrioen
- ✓ Tove Bøygard
- ✓ Jo Asgeir Li og Petter Opsal

439 personar kjøpte billett.

Kirkemusiker, Lars Inge Tverberg, tok jobben med å skaffe artistar. Me rettar ein stor takk til han for jobben. Vi i soknerådet tok oss av økonomi og gjennomføring elles.

Haustmarknaden i Hol

Laurdag 14. september var det haustmarknad i Hol. Det var over 40 utstillarar og mykje folk.

Marknaden blei avslutta med gudsteneste i gamlekyrkja og ein minikonsert med Smooth

Operators, som er ei gruppe på fire frå Osterøy utanfor Bergen. Dei spelte kjende Bob Dylan

låtar. Det var sokneprest Helle Maria Wolstad på Geilo som hadde fått dei til å kome til bygda.

50 års konfirmantar

Også i år hadde vi markering av 50 års konfirmantar i Hol og Hovet. I år var vi på Bygdahall etter gudstenesta i Hol kyrkje. Konfirmantane syntes det var kjekt å kunne møtast og mimre om alt som har skjedd på 50 år.

Julebasar

Laurdag 30. november hadde vi den årlege julebasaren på Fjellheim. Vi hadde mange flotte gevinstar, og sal av lodd på førehand gjekk betre enn på lenge. Oppmøte på basaren var nok mindre enn tidlegare. Ten Sing United og Skarvebarna hjalp til også i år. Begge kora fekk 7 000 kroner kvar.

Julegrantenning og gudsteneste

Sundag 1. desember var om lag 70 store og små på gudsteneste i gamlekyrkja, med påfølgjande julegrantenning og fakkeltog med song utanfor Høgehaug og til slutt julegraut på Vika.

Luciakonsert

Tradisjonen tru var det også i år arrangert Luciakonsert i Hovet kyrkje 13. desember med 115 som deltok.

Økonomien

I år går vi med eit underskott på 53 000 kroner. Orsaka til dette er at vi har overført 73 000 kroner som sto på ein kirkemusikkonto i vårt rekneskap, til Fellesrådet. I tillegg har vi betalt 25 000 kroner i eigenandel i samband med vasskada vi oppdaga etter at vi selde Hol menighetshus.

Heilt til slutt vil styret få takke alle friviljuge som har stilt opp, - som kyrkjevert, klokkar, eller ved å ha gjeve ei hjelpande hand på konsertar, julebasar eller ved mange av dei andre tiltaka vi har dradd i gang. Utan alle dikka hadde vi ikkje kunne halde det aktivitetsnivået vi har gjort.

Vi vil også rette ein stor takk til alle tilsette innan kyrkja i Hol.

Hol 15.01.2020



Kjell Haugo
Styreleiar

Gro Augunet
Nestleiar

Rita Kleiv
Skrivar

Brit Kaupang
Styremedlem

Synne Marie Jenster
Sokneprest

Resultatoversikt

Dato: 27.01.2020

Regnskap: Hol og Hovet Sokneråd

Beskrivelse:

Inntekter	231 937,76
- Skatt	0,00
- Utgifter	285 065,59
- Betalt gjeld	0,00
- Renteutgifter	0,00
= Resultat	-53 127,83
Penger	1 420 680,07
+ Eiendeler	0,00
+ Sparemidler	0,00
- Gjeld	0,00
- Kredittkortgjeld	0,00
= Nettoformue	1 420 680,07
Formue ved start av regnskap	1 473 807,90
Formue ved slutt av regnskap	1 420 680,07
= Formuefremgang	-53 127,83

Saldorapport

Regnskap: Hol og Hovet Sokneråd

Beskrivelse:

Periode: 01.01.2019 til 31.12.2019 for hele husholdningen

Konto	Kontonavn	Type	Inng. saldo	Debet	Kredit	Bevegelse	Utg. saldo
1101	23332236679	Penger	214 232,56	241 401,97	181 524,33	59 877,64	274 110,20
1102	Kontanter	Penger	50,00	2 000,00	2 000,00	0,00	50,00
1103	Barne og ungdomsarbeid i HH	Penger	31 063,00	19,06	0,00	19,06	31 082,06
1104	Hol Kyrkje	Penger	2 627,69	1 037 972,32	0,00	1 037 972,32	1 040 600,01
1105	Kirkemusikk	Penger	78 936,46	12,81	78 949,27	-78 936,46	0,00
1106	Erik H Skaro Gave	Penger	31 440,14	614,89	0,00	614,89	32 055,03
1107	H.Øvreivold's Legat	Penger	16 973,86	331,97	0,00	331,97	17 305,83
1108	Hol menighetshus	Penger	1 060 278,35	274,72	1 060 553,07	-1 060 278,35	0,00
1109	Elling Brattaker's Legat	Penger	7 382,72	144,39	0,00	144,39	7 527,11
1111	Hovet Kyrkje	Penger	39,59	0,02	0,00	0,02	39,61
1112	A og M Haugens Minne	Penger	2 164,81	1,33	0,00	1,33	2 166,14
1113	Minnegåve Knut V Seim	Penger	15 618,72	125,36	0,00	125,36	15 744,08
1120	Utestående fordring	Eiendel	13 000,00	0,00	13 000,00	-13 000,00	0,00
3000	Overføring frå Fellesrådet	Inntekt	0,00	0,00	13 000,00	13 000,00	13 000,00
3001	Offer	Inntekt	0,00	0,00	46 108,52	46 108,52	46 108,52
3002	Julebasar	Inntekt	0,00	0,00	30 323,77	30 323,77	30 323,77
3004	Andre inntekter	Inntekt	0,00	0,00	27 971,00	27 971,00	27 971,00
3007	Sommerkonserter	Inntekt	0,00	0,00	110 736,57	110 736,57	110 736,57
3601	Renteinntekter	Inntekt	0,00	0,00	3 797,90	3 797,90	3 797,90
4101	Varekjøp Kiwi Hagafoss	Utgift	0,00	11 952,50	0,00	11 952,50	11 952,50
4102	Offer	Utgift	0,00	35 933,00	0,00	35 933,00	35 933,00
4103	Konfirmantarbeid	Utgift	0,00	3 008,64	0,00	3 008,64	3 008,64
4104	Bankgebyr	Utgift	0,00	138,00	0,00	138,00	138,00
4106	Andre variable utgifter	Utgift	0,00	43 822,94	0,00	43 822,94	43 822,94
4107	Kirkemusikk	Utgift	0,00	84 436,46	0,00	84 436,46	84 436,46
4108	Julebasar	Utgift	0,00	19 660,00	0,00	19 660,00	19 660,00
4109	Hol Menighetshus	Utgift	0,00	25 000,00	0,00	25 000,00	25 000,00
4110	Påskeverkstad	Utgift	0,00	2 585,45	0,00	2 585,45	2 585,45
4111	Sommerkonserter	Utgift	0,00	58 528,60	0,00	58 528,60	58 528,60
Sum penger:			1 420 680,07	Sum eiendel:	0,00	Sum sparemidler:	0,00
Sum inntekt:			231 937,76	Sum skatt:	0,00	Sum utgift:	285 065,59
Sum gjeld:			0,00	Sum renteutgifter:	0,00	Sum kredittkort:	0,00



DEN NORSKE KIRKE
Kirkevergen i Hol

HOL KIRKEKONTOR
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Besøksadresse: Geilo kulturkyrkje
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
e-post: post@hol.kirken.no

Til Hol og Hovet sokneråd

www.hol.kirken.no
Org.nummer: 976 990 080

Arkivkode: 134

Vår ref.

Deres ref.

Dato 15.01.2020

REVISJONSBERETNING FOR 2019 – HOL OG HOVET SOKNERÅD

Vi har gått igjennom årsregnskapet for Hol og Hovet sokneråd som viser et negativt resultat på kr 53.127,83 og en nettoformue på kr 1.420.680,07.

Vi har kontrollert at den løpende bokføringen stemmer med underlaget og er dokumentert med bilag.

Vi har ikke avdekket feil eller mangler og vi mener at årsregnskapet gir et riktig uttrykk for soknerådets økonomiske stilling pr. 31. desember 2019.

Geilo, 15. januar 2020


Astri Tingstad


Eva Grøslandsbråten

Hol og Hovet Sokneråd

Budsjett 2020

Inntekter

Tekst	Beløp
Offer	10 000
Tilskott klokkar	13 000
Sommerkonsertar	110 000
Julebasar	32 000
Sommerfest	500
Påskelotteri Kiwi Hagafoss	5 000
Påskelotteri Sunnhov handelslag	5 000

Sum inntekter	175 500
----------------------	----------------

Utgifter

Tekst	Beløp
Støtte til diakonistilling	50 000
Støtte til kyrkjemusikk	15 000
Sommerkonsertar	60 000
Julebasar	20 000
Sommerfest	3 500
Påskelotteri	2 500
Påskeverkstad	3 000
Konfirmantavslutning	4 000
50.års konfirmantar	3 500
Andre utgifter	13 000

Sum utgifter	174 500
---------------------	----------------

Driftsresultat	1 000
-----------------------	--------------



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet menighetsråd

HOL KIRKEKONTOR
Geilo kulturkyrkje
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
Org.nr: 976 990 048

Arbeidsplan Hol og Hovet Sokneråd 2020

Sundag	19.januar	Innsettelse av diakon Per Johan Franzen Geilo Kulturkyrkje
Sundag	9.februar	Innsetjing av sokneprest Stein Arne Larsson Hol kyrkje
Sundag	23.februar	Årsmøte (Hovet kyrkje)
Onsdag	4.mars	Styremøte
Torsdag	2.april	Påskeverkstad (Bygdahall)
Onsdag	8.april	Påskelotteri Kiwi Hagafoss
Onsdag	8.april	Påskelotteri Sunnhov Handelslag
Onsdag	22.april	Styremøte
Onsdag	6.mai	Avslutning for konfirmantane (Fjellheim)
Måndag	11.mai	Dugnad Hol kyrkjegard
Måndag	11.mai	Dugnad Hovet Kyrkjegard
Sundag	7.juni	Sommerfest for eldre (Bygdahall)
Onsdag	10.juni	Styremøte
Tysdag	7.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	14.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	21.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Tysdag	28.juli	Sommerkonsert Hol Gml Kyrkje
Onsdag	02.september	Styremøte
Sundag	18.oktober	Markering av 50.års konfirmantar (Fjellheim)
Onsdag	4.november	Styremøte
Laurdag	28.november	Julebasar (Fjellheim)
Søndag	13.desember	Luciakonsert (Hol/Hovet? Kyrkje)
Tysdag	15.desember	Open kyrkje (Hovet)
Tysdag	22.desember	Open kyrkje (Hol)